



Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1984 - 14/27311

Saksbehandlar:

Randi Marie Nesbø

randi.marie.nesbo@lindas.kommune.no

Dato:

08.12.2014

Uttale til framlegg til forskrift om ferie- og fridagar 2015-2016

Som uttale frå Samarbeidsutvalet ved Ostereidet barneskule sender vi særutskrift frå sak 09/2014.15 i SU-møtet 01.12.14.

09/2014-15 Skuleruta 2015 -2016

Framlegg til skuleruta 2015 -2016 er sendt ut på høyring. Høyringsfristen er 12.12.2014.

Høyringsuttale frå lærarane v/ Ostereidet barneskule. SU-møte 01.12.14

Det er pedagogisk «usunt» å ha ein 14 dagars ferie i vår-halvåret. Dette gjeld særskilt lese- og skriveopplæringa på småtrinnet, men og for 7.klasse som avgangsklasse. Det er viktig å halde læringstrykket oppe, og slik me ser det vil ein så lang ferie gjere at mange kan falle ut. I tillegg må det brukast tid på å fange elevane inn igjen og få dei i læringsmodus etter ferien. Me trur og at det kan få konsekvensar for 10.klasse som skal arbeide seg fram mot eksamen. Personalet ved skulen ynskjer vinterferie i veke 8, så 3 vekers arbeidsperiode før påskeferien. Personalet meiner og at skuleåret kan forlengast med 2 – 3 dagar om sommaren (21.06/22.06) og heller starte juleferien tidlegare (18/12).

Su ved Ostereidet barneskule stiller seg bak personalet sin høyringsuttale.

Med helsing

Randi Marie Nesbø
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

